



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Lars Kringstad, 71 25 84 50

## Sunnadal kommune

### Fråsegn til søknad om konsesjon til bygging av Smisetfossen kraftverk

#### Bakgrunn

- Neas AS ønskjer å bygge Smisetfossen kraftverk ved å utnytte fallet i Ålvundelva frå kote 111 ned til eit kraftverk på kote 94.
- Alternativ 1 (hovudalt.): Maksimal slukeevne er på 6,9 m<sup>3</sup>/s. Dette er 77 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 9,0 m<sup>3</sup>/s. Minimum slukeevne er på 2,08 m<sup>3</sup> l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 0,64 m<sup>3</sup>/s.
- Alternativ 2: Maksimal slukeevne er på 3,6 m<sup>3</sup>/s. Dette er 40 % av middelvassføringa. Minimum slukeevne er på 1,08 m<sup>3</sup> l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 5,0 m<sup>3</sup>/s om sommaren og 0,9 m<sup>3</sup>/s om vinteren.
- Vassvegen blir nedgrave røyr på austsida av Smisetfossen om lag 100 m.
- Inntaket blir ein dam i elva på 4 m x 25 m.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg langs vassvegen. Denne vil i driftsfasen vere en ATV-veg med breidde ca. 2 m.
- For alternativ 1 er det rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 4,01 GWh med installert effekt på 0,96 MW. For alternativ 2 ein midlare årsproduksjon på 3,11 GWh og 0,51 MW installert effekt.

NVE ønskjer synspunkt om planane bør gjennomførast, evt. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane.

#### Vurdering

##### *Vassdragsvern og eksisterande inngrep*

Deler av vassdraget er alt regulert til kraftproduksjon. Dei to største vatna innanfor nedbørsfeltet er regulert. Rensetvatn (Reinset kraftverk (1946) ) med 14,5 m reguleringshøgde og Langvatnet (Ulvund kraftverk (1942)) med 8 m reguleringshøgde. I tillegg er Ålvundfossen (70 m fall) utnytta til kraftproduksjon. Det går veg langs vassdraget mellom Ålvundfossen og Ålvundeid, men det er få eksempel på at veganlegget har medført utfylling i vassdraget. Vassdraget blir nokre stader kryssa med mindre bruer til busetting på vestsida. Dette er også tilfelle ved Smisetfossen.

Ålvundelva vart verna mot kraftutbygging ved Stortingsvedtak 06.04.1973 – Verneplan I for vassdrag. Vassdragsvernet skal i utgangspunktet sikre at viktige verneverdiar i vassdraget blir tatt vare på.

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994) viser nasjonale mål for forvaltning av dei verna vassdraga og retningslinjer for vassdragsbeltet. Her blir det tilrådd å utarbeide forvaltingsplan med differensierte retningslinjer for vassdraget, gjennom inndeling i tre klassar etter grad av menneskeleg påverknad. For Ålvundelva vart det utarbeidd ein slik plan i 1999 (differensiert forvaltning av Ålvundelva), gjennom eit samarbeid mellom kommunen, NVE, Fylkesmannen og fylkeskommunen. Kommunen har opplyst at planen ikkje fekk rettsleg status som kommuneplan, men kan nyttast av forvaltninga som avgjerdsgrunnlag i enkeltsaker. Tiltaksområdet ligg på ei strekning som vart klassifisert i klasse 2: vassdragsavsnitt med middels grad av menneskeleg påverknad. Det er her verdiar knytt til kulturlandskap, kulturminne, friluftsliv og spesielle naturfaglege forhold.

Stortinget vedtok i 2005 at det i verna vassdrag kan gjevast løyve til bygging av mini- og mikro kraftverk, det vil seie kraftverk med effekt på mindre enn 1 MW . Det omsøkte tiltaket ligg innanfor denne grensa. Vassressurslova gjev likevel klare avgrensingar for kraftutbygging i dei verna vassdraga.



*Smisetfossen ved synfaring 27.11.2020*

#### *Eksisterande kunnskap*

VVV-rapport 2001-4 (verdiar i verna vassdrag – NVE, DN og Fylkesmannen) inneheld ein omtale av Ålvundelva innanfor tema prosessar og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne. Under kvart tema er særleg interessante lokalitetar omtalt og verdivurdert. Vidare ligg det registreringar i Naturbasen og i Artskart. Ingen av desse databasane viser registreringar av viktig verdi for utbyggingsområdet. I samband med søknaden er det gjennomført ei kartlegging av biologisk mangfald i området.

#### *Landskap og friluftsliv*

Smisetfossen har eit fall på 17 m. Sjølv om det er tekniske inngrep i nærområdet som veg og bru, er fossen likevel eit viktig landskapselement. Inntrykkstyrken vil bli redusert i periodar med redusert vassføring. Fossen kan sjåast hovudsakleg på nært hald og har derfor mindre verknad på det større landskapsbildet i området.

Vi kjenner elles ikkje til vesentlege friluftslivsverdiar i området, men deler av elvestrekninga ned mot Ålvundfossen er vist som område for padling (VVV-rapport 2001-4). Vassdraget, både ovanfor og nedanfor fossen, er godt eigna til fritidsfiske (lokal aure).

### *Biologisk mangfald*

Det er frå før ikkje registrert viktige naturverdiar i influensområdet. Gjennom søknadsprosessen har biologisk mangfaldkartlegginga avdekkja ein flaumpåverka gråor-heggeskog (flaummarksskog). Dette er ein viktig naturtype (VU-sårbar i raudlista) og er definert som av viktig verdi (B-verdi). Naturtypen ligg nedstraums det planlagde kraftverket. Ei utbygging vil derfor ikkje påverke denne naturtypen direkte. Det vart også registrert fossesprøypåverka berg rundt fossen. Dei er definert som fosseberg (VU), men ikkje nærare avgrensa. Floraen nær fossen vart ikkje registrert pga. for høg vassføring. Det ligg derfor ein viss usikkerheit om redusert fossesprøyt kan vere negativt for desse naturverdiane. Naturtypen elvevassmassar er også raudlista som nær truga (NT).

Fossefall vart registrert på næringssøk under feltarbeidet og hekkar med stort sannsyn i området. Også under Fylkesmannens synfaring 27.11.20 vart arten observert. Reduksjon i vassføringa kan vere uheldig. Det er særleg viktig at det i hekketida er god vassføring. Vassføringskurvene tilseier at vassføringa framleis vil vere relativt god i denne perioden.

### *Akvatisk miljø*

Utbyggingsstrekninga er ikkje laks- og sjøaureførande, men det er lokal bekkeare i området.

Det er munnlege rapportar om at det finst elvemusling i vassdraget. Det vart derfor forsøkt kartlegging i år, men vassføringa var for stor til at det kunne gjennomførast. Som ein del av kunnskapsinnhentinga om elvemusling i fylket ønskjer vi derfor å få gjennomført nye undersøkingar i vassdraget i 2021.

### *Vassforskrifta*

I Vann-nett er Ålvundelva, øvre del (111-14-R) oppført som vassførekomst med god økologisk tilstand. Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. Vi føreset at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

### *Samla verknader*

Det er vanskeleg å vurdere den auka belastninga på vassdraga i regionen. Vi registrer at det er alt bygt ut fleire kraftverk i vassdraget. Det er vidare registrert naturtypane fosseberg og elvevassmassar som begge er på raudlista. Eit nytt kraftverk i hovudelva vil slik sett vere negativt for vassdragsnaturen. Sett i lys av at vassdraget også er varig verna mot kraftutbygging meiner vi dette vil auke den samla belastninga, sjølv om prosjektet isolert sett er relativt avgrensa.

### *Behandling etter andre lovverk*

Vi kan ikkje sjå at ei utbygging vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

### *Konklusjon*

Nytt kraftverk i Ålvundelva vil vere uheldig for vassdragsnaturen og svekke vassdragsvernet. Stortinget har opna for utbygging av mindre kraftverk i verna vassdrag. Ut frå ei totalvurdering finn vi derfor ikkje grunnlag for å fremje motsegn til søknaden, men ei eventuell utbygging må gjerast så redusert og skånsamt som mogleg. Skal ein gå vidare med prosjektet vil vi derfor klart rå til at ein vurderer alternativ 2, som vil gje vesentleg meir restvassføring. Dette kan vere viktig for

naturkvalitetene, særleg den fossesprøytpåverka naturtypen, og for landskapsverdien Smisetfossen representerer.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef-plansamordning

Lars Kringstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Kopi til:  
SUNNDAL KOMMUNE PLAN-, MILJØ- OG  
NÆRINGSTJENESTEN  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 94 6601 SUNNDALSØRA

Fylkeshuset 6404 Molde